Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Nr 39 | Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sande

Emne: Högtidsmat ved Familiefesta | Bygdelag: Sandsöy

Oppskr. av: Eckard Bringsön | Gard: Leina

(adresse): Sandshamn | G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest av eige röynsle og hörks!

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Fødselen!

1 Ja det har, og er framleis skikk at grannekonor, og slektningar, kom med mat, til Barselkona!

2 Dei kom helst enkeltvis, men det hände ofte, at fleire konor, vart der på same tid.

3 Nei det var helst, hemmeleg for kvarandre, kva slag mat dei skulde ha med seg!

4 Det var 3je og fjerde dagen, dei tok til å gå med mat, elles heldt dei seg underrette om kva tid Barsel kona var so frisk, at ho kunne ta imot vitjing!

5 Det var berre ein gong, dei skulde gå med mat, i seinare tid brukar dei og, å gå med kaker til Barnedåpen!

6 I eldre tider, brukte dei berre Rjomegraut, i seinare tid brukar dei helst ymse slags kaker!

7 Nei dei gjekk berre ein gong, for kvart barn!

8 I eldre tider vart det brukt ambar, ofte måla, med rosor på, å ha Rjomegrauten i, seinare vakre fat med rosor på, eller Tariner av steinty!

9 Ja all slags mat, som som vart boren til Barselkona vart kalla sengamat!

10 Det var altid kona sjölv som gjekk med senga-mat! Det var ei skam for ugifte jentor å gå med sengamat!

10494

11 Det var skamm, at mannen var med kona, når ho gjikk med Sengamat, og hende det, so log folk åt det!

12 Ja dei måtte traktérast, av det beste, som fanst i huset. Kaffi og kaker, eller Rjomegraut. Men det var inga forskjel på Gut eller Jente!

13 Det var stundom kalla for Födselgilde, ofte var det inkje namn på disse laga!

14 Nei, dei hadde ikkje noko lag eller selskap før ved Barnedåpen!

15 Ja det var berre til gifte mödre dei bar mat, til dei som fekk barn utanfor egteskap, vart aldri bore mat, for slikt var so stor skam og skandale!

16 Frå 1920 vart det meir og meir gått over til å sende kaker, og etter 1950 Blomster eller eit vakkert klesplagg. Men ei dugande husmor, som har bra med mjölk og Flöyte kokar endå ein god Rjomegraut, med mykje feitt på, som og vart rekna for helsebot for kone som nyst hadde född!

17 Ja konorne, hadde ofte enten ei huva, eit par vakre strömper, eller eit töystykke til skjorte eller tröye åt den nyfödde

18 Det er stort sett det same idag, det er gjerne Huve Tröye, eller töy til skjorte, dei gjev no òg!

19 Dåpskalas vart halde, når barnet kom att frå kyrkja, og var döypt. Det var berre Faddrane og foreldre med husets folk, som var med på den

20 dagen! (20) Nei gjestene hadde ikkje mat med!

21 Nei før i tida, for 50–60 år sidan var det ikkje brukt å ha med seg mat til Fadderskap, og maten var Fisk og Poteter med supe til middag. Lefse og Kaker til Kaffien. Um hausten i slagtetida var det og brukt Ferskkjöt!

22 ~~Nei~~ Ja i våre dagar, har alle som er bodne med seg gåvor og mat, i form av blötkaker og anna godt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
10494

No 39 Högtidsmat ved Familjefestar!  3

23 No kjem dei med Kakor og gåver til dåpsbarnet.
På Dåpsdagen, er det berre Faddrar, og naraste
slegta, som vert boden. Men kvelden etterpå
vert alle grannekonor, som har sendt mat eller
gåvor, både ved barnefödselen og Barnedåpen
inbedne til fest. Dette vert kalla for Konelag!

## Födseldag.

24 Nei födseldag i eldre tider, var lite feira, det
hende at husmora, hukse barnet sit, med ein
godbit, eller lita gåve, men eldre folk gjorde
ingen stas av födselsdagen!

25 Ja no er det mange som held Födseldagslag kvart
år. Men störst stas er det ved, runde tal, so som
50 – 60 – 70 år. Di eldre ein vert, di större stas!

26 För var det slik at ein bad folk til gjestebod slike
merkedagar. No kjem folk med kaker og gåvor,
og ynskjer til lukke. Dei vert då bodne på mat
og kaffi, og bedne inn å vera tilstades, ut over
kvelden.

27 Ja no møter folk uppe med gåvor og Kaker, anten
dei er bedne eller ei!

28 Var det nokon som held Födseldagsfest, og baud
inn gjester, so var det gjerne brukt Rjomegraut til
Festmat!

29 Jau no er det. Kaffi eller Sjokolade, med Kringle
Blötkake, og alle sortar småkaker. Dette med Ljos
på kakom er lite i bruk her endå!

## Konfirmasjon.

30 I eldre tid, var det ingen stas med Konfirmasjonen.
Konfirmanten fekk seg nye klær, og fylgde foreldra
sine til kyrkje, og handlinga gjekk for seg som
vanleg. I heimen var det som ein vanleg sundag,
og hadde alle vore ved kyrkje, kokte dei ikkje middag
før um kvelden. Det var ikkje skikk å be gjester
Heller ikkje brukte dei gåvor til Konfirmanten

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
10494

4

31 Sidan 1905, har det vorte meir og meir med gåvor og selskap, so no er det mest som små bryllup. Det tok til med at Konfirmantane ga kvarandre, nokre små kort, no er det Kort, Telegram, og alle slags gåvor, i form av pengar eller nyttige ting

32 Fyrst og fremst, vert faddrane bodne, so nærast slegta, og sjölsagt læraren, sjelldnare vert presten boden, her, for han bur i ei onnor bygd. Men dei som bur nær han, bed sjölsagt presten til dette laget!

33 För, var det sjeldan folk sende sending, eller gåvor. Men no, er det vanlegt, at folk sender mat og gåvor!

34 Det er helst dei som vert bodne, som har mat og gåvor med seg, men og andre som er nærskyldte, eller gode vener, sender gåvor!

35 Nei maten er vanleg gjestebodsmat, Ikkje. nokon bestemt mat for dagen!

Bryllup!

36 Nei forlovings gilde eller fest, har ikkje vore brukt her, so vidt eg kjenner, eller har höyrt!

37 I gamle tider, har eg höyrt, at dei heldt Festeröl når nokon hadde forlove seg, og den tid var det helst foreldre som ordna med forlovinga!
No ordnar dei med dette sjölve, som skal forlove og gjifte seg!

38 Brudlaupa det fyrste eg kjenner, var halde 2 heile dagar, omframt brudlaupsafta.
Det fyrste matmålet, når folk kom, var lefser og kaker med Kaffi. Seinare vert det söte kaker, og småbröd. Tilkvelds, nysalta fisk; Poteter og Mjölkesupe. Til frokost Brudferdsdagen gjekk brud og brudgom rundt med Kaffi, Lefser og Kaker, seinare Småkaker på senga. Til frokost. Kaffi med Lefser Kaker, Skjiver av Kjöpebröd

10494

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Høgtidsmat og Familjefestar!



38 Når Brudefylgjet kom att frå kyrkja, var det fyrst middagsmat. I eldre tider Kjötsodd Poteter og Dravle. Seinare Sosa Kjött, Poteter med Desert av Svisker med anna.
Til kaffien gode kaker, i seinare tid småkaker og alle slags Blötkaker. Til kvelds, anten fersk eller nysalta fisk med Poteter, flatbröd og Landsmör. Andre dagen, var det ikkje kaffi på senga, men festkosten var som dagen før, Kaffi Lefser og Kaker av alle slag. Til middag var det Brurgraut. Rjomegraut, i stor fat, som minst 4 til 6 Personar åt av same fat.
Tilslut kaffi og kaker, dei fekk då utdelt Brudebiter, som var brukt til heimfarmat, I brudebiten var Lefser Kaker, brödskjiver og ein klump Söst eller Gombe.
I den tid det var brukt Brennevin, fekk dei ein dram til avskjed, og brurfolket fekk den gåva dei var tiltenkt!

39 Sending til bryllup, skulde vere 10 til 20 påsmurde Lefser / stor bryllupskake, ei stor fin treform full av smör, eit stort fatt med Söst eller Gombe. Ofte ein Ost som dei sjölv hadde laga!

40 Ja smöret, var i ei treform, med vakre roser!

41 Nei kjöt, var altid foreldra åt brurfolka, som fekk tak i!

42 Det vart kalla Sending eller Korg. Bryllupskorg!

43 Det var kona som gav maten, som hadde den med seg, med hjelp frå mannen!

44 Det hende, at tenarane gjekk med mjölk eller rjome til Bryllupet. Dei vart då innbedne, og traktete på det beste! Men det var ikkje noko serleg namn på kvelden!

45 Nei det vart sendt berre ein bit, eller smak som dei la med i det kjerald, som dei hadde mjölk eller mat i.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10494

Nr 39 Høgtidsmat og Familiefestar 6

46 Det var brudakona, som stod fyre all mat-
laging av bru[r]maten. Ho var det som tok mot
sendinga, og som sende mat heimat til folket.
Like eins var ho som sende ut Brudabitane!

47 Dei siste 10 åra, har det minka av med dei
store bryllup. No, er sjeldan bryllupa meir
enn ein dag, og ei natt!

48 Ja det hender ofte, at dei reiser burt, og held
bryllup på hotell. Men likemange held fram-
leis bryllup i heimane!

49 Ja det hender, at folk gifter so enkelt, men
det er helst sjeldnare!

50 Hvis dei ikkje har bryllup, er det lite av gåvor,
Berre dei som er mest nærskyld gjev dei
gåvor!

51 Nei dei feirar ikkje bryllupsdagen, før dei har
Sølvbryllup, og Gullbryllup, og vidare utover!

Graveøl

52 Bygda var oftast opdelt i eit bedarlag, og
disse vart bedne, saman med næraste slegta. Dei
vart bedne, på den måten, at mannen i huset
gjekk rundt til grannar og slegtningar og bad
deim koma til graverfeda!

53 Graveølet varde ein dag. Det var mat og kaffi
med same folket kom. Når ein kom att frå
kyrkja, var det middag, fisk enten fersk eller
salta, med Poteter og mjølkesupe eller Drake.
Etter på var det Kaffi og mat som kveldsmat
og so skildest lyden kvar til seg!

54 Alle matmål vart servert ved langbord!

55 Nei maten som vart brukt var vanleg mat,
og lite forskjel frå andre lag!

56 Hovudmatmålet var middagsmat, og hadde
ikkje noko anna namn!

10494
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

No. 39 Høgtidsmat og Familiefester! 7

57 Var det forlite rom i heimen, stod gjerne granne
stova til bruk. Folk var gjerne svert hjelpsame, mot
kvarandre i slike høve!
58 Til gravferd brukte dei ikkje sendingsmat,
men tok gjerne med seg ei spann eller Hylke
med mjølk, som det gjekk mykje av i sær hvis
det var kokt Dravle!
59 Nei maten var sett på bordet, som vanleg,
utan nokon sermoni av noko slag!
60 Som før sakt, var det inga sending, men var
nokon sende med Mjølk eller rjøme, vart dei
altid traktere med mat, av det som var!
61 Nei har aldri høyrt at det var forskjel på
maten, hverken for kar eller kvende. Kanskje
var det litt, meir fatigslag, når det var
fatige Legde folk, eller andre gamle enkeltpersonar
som hadde lite slegt, som tok seg av deim!
62 I 1920, var ei kone so fraidig, at ho servert graut
av Rismyljegryn, i gravferda åt mannen. Frå
då, har det etter kvart forenkla dette mat=
ståket etter kvart. So no er det berre eit mål
mat, når folk kjem att frå kyrkja. Dei
fleste gravøl, er og haldne i forsamlingshuse!
63 Dei siste 70–80 åra, har det ikkje vore brukt
noko slags rusande drykk, i Gravøla!
64 Nei har heldt dei lenger, på med drykk i bryllup,
enn i gravferder.
65 No er det berre, eit mål mat, ved gravferder,
og det er Kaffi og Brødmat, med enten Fiskekaker
eller Fiskepudding attåt. Dette matmålet er når folk
er attkomne frå Kyrkja!
66 Nei, no brukar ein ikkje nokon slags rusande
drykk ved gravferder lenger!

10494

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8

## Högtidsmat og Familjefestar!

67 Nei ikkje her hjå oss, brúkar ein Hotella, men i ymse grannebygder, brúkar dei Hotella.
Her hjå oss, brúkar vi Forsamlingshúsa!

68 I fjúe åra, tok dei til å bede folk, koma til bryllúp, ved å senda kort, men ved gravferder, vart folk helst bedne múntleg. Sidan 1940, har det mest vore, slik bedne, at folk skúlde koma dei som vilde, og det vart sakt i dödsanonsa, at dei vart bedne berre på denne måten!

69 Alt frå förige Verdenskrig, tok folk til å setje i avisa, når det vart dödsfall. Sidan har det vakse på, so no er det ingen som döyr útan at det verd sett i avisa!

70 Nye Festar!

Det er for det meste Kaffi og Bröd, til mat 17 Mai. I dei store verdskrigane, når det ikkje var noko å få kjöpt, var det ofte Rjomegraut, Rjomeringe, og slikt som bonde og bygdefolk har!

71 Morsdagen tok ein til å feire fyrst i 1930 åra, og det har vorte fast regel å feire den dagen, både heime, og i offentleg fest, med mors gåvor og annen stas!

72 Nei fars dag, har ikkje vore feira her endå, i all fall offentleg!

73 Ikkje akkúrat, noko bestemte kakor, men fine blötkakor. Fyrstekaker, og Sveissrúll, med anna gött!

74 Nei folk, er nos flinke å bake kakor sjölve, so mest alle kakor, er heimelaga. Ofte ser dei opskrifter i vikeblade og, so kaker er det nokk av!

75 Mors og Fars dag, vart vel bestemt av dei styrande, i dette landet, og vorte kjend gjenom pressa!

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
10494

Gerhard Bringsvor